



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk drift

Bjørn Harald Korsfur
Hestegjerdet 10
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3449 - 15/36731

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
07.12.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 108/362 Lindås

Teknisk drift ved avdeling for vatn og avlaup syner til brev datert 30.11.2015 vedkomande søknad om dispensasjon avstandskrav til offentleg leidningsnett – gbnr 108/362 Hestegjerdet Lindås.

Vedtak:

Teknisk drift ved avdeling for vatn og avlaup har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (mur) og offentleg leidningsnett skal være minimum 2,3m.
- Tiltak skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasning av tiltak under arbeid på offentleg leidningsnett.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett er at vegmynde gir dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg med minste avstand frå grense mot veg på 1,1m. Avstand frå regulert kommunal veg vert da 1,1m.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg,vatn og avlaup). Dersom skade oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak (mur) må sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift har heimel til å setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som



har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved fagsjef veg

Mottakarar:
Bjørn Harald Korsfur

Hestegjerdet 10 5955

LINDÅS